

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2016

Då dei Varhaug kunne spytta som folk i kyrkja

Side 2-4

Europa invitert til Varhaug

Side 6-7

HÅ skulesjakk

Side 14-16

Pøbben på Varhaug

Side 29

Varhaug- marken

Side 30-31



Under åpen himmel
med Svala 4H

Side 8-11



Då dei Varhaug kunne spytta som folk i kyrkja

Romslege spyttebakkar og høve til å rettleia seg (slå lens) i frisk havluft, var blant dei viktige føremonene for kyrkjelyden som sokna til den gamle kyrkja på Varhaug.

Sjur Håland

- Du må husa på at darr va mange ringe bløre på den tiå. Folk hadde såde på bådtofto i allslags vør og vorte vondt farne. Den rotekte Varhaug-buen Rasmus Olson Varhaug (1839-1923), var rett fram. Han la ikkje om stilen i møte med framandfolk, slike kunstige fakter var utenkelig. Heller ikkje den gongen journalist, forfattar og formidlar av jærsk humor, Theodor Dahl (1886-1946) fekk den gamle bonden og fiskaren i tale, pakka han inn meiningane sine.

Hardfør særtype

Rasmus var hardfør og ekte. Forma av den nakne naturen og ein kvardag utan helsevesen og andre sosiale tryggleiksnett. Den gamle jærbuen var skoren ut i ei tid før antibiotika og smertestillande tabletar, han hadde budd heile livet i salt sjøluft og røynt det meste av både milde, velsigna sommardagar og kolsvarte vintrar med beisk frost og meterdjup klake. Rasmus Olson Varhaug var, ifølgje Theodor Dahl, ein særtype. Den same karakteristikken kunne nok høva på dei fleste jærbuar i tida før fiberoptiske kablar og elektrisk kraft låg som eit nettverk under den steinrike jorda på

Varhaug. Jærbuen var sjølvstendig og hadde ikkje behov for å likna andre for å syna seg fram, han hadde meir enn nok med dei nære tinga og kvardagens mangfaldige strev.

Rasmus Olson var ein av desse stolte, seige og saltimpregnerte jærbuane med eit smalt intenst blikk under buskute augebryn. Alvorsam når han var stemd til andakt, men med glimt i augo, syn for dei gode replikkane, og vel kjent med velsigningane i ein hjarteleg lått.


Sommar og snus

No står han stø utafor det låge jærhuset sitt, vadmålsskledd med kvardagsskjorte over ullbolen, med spøta grå ullsokkar i dei heimesmidde treskoa og nyt den milde rusen frå ein dryg pris med sterk snus under overleppa. Sommardagen er god, sauer, lam og ein liten kufflokk beiter saftig natureng. Øyken løfter hovudet frå grastuvane i hestehagen og svingar halen mot dei iltre flogene, utan at han let seg affisera av den framande journalisten i trøye og hatt, som står og småpratar med husbond Rasmus. Dei to mannfolka kikkar vest mot nabotomta der den siste kyrkja på

Varhaug hadde stått fram til ho vart riven i 1905. No er det berre den målingsslitne tårnfoten som står att, saman med dei vindskeive gravstøttene, og grønt viltvaksande gras.

Rasmus og Kristine

Rasmus Varhaug kom til Varhaug og verda 28. april 1839. Rett før han kunne feira 47-års dagen, i 1886, vart han gift med Kristine Taraldsdatter Torland frå Nærbø, ho var 15 år yngre enn han. Rasmus og Kristine fekk ikkje eigne barn. Det var Jakob R. Nord-Varhaug som seinare tok over bruket. Og, om du som les lurar på kva bruk det er tale om, er det garden med det kvitmåla jærhuset, rett aust for Varhaug gamle kyrkjegard, der Åse Marie og Håkon Varhaug bur i dag. I boka *Humor frå hav til hei*, fortel Theodor Dahl om sitt møte med Rasmus. Boka kom ut i 1944, då var det 21 år sidan Rasmus døydde. Om Dahl fortel stubben ordrett, slik det var, eller om han har valt å krydra samtalen, er ikkje så viktig. Her får vi uansett eit fargerikt møte med ein sambygding som fann stad for cirka 100 år sidan.



Las søndagsteksten

Rasmus hadde slitt buksebaken på tofta på robåten sin i ei årrekkje, og var herda etter tiår med fiskeslo, ruskevør og vind. Han var ein grei mann, som likte å slå av ein prat. Theodor Dahl fortel: - Eg høyrde ein gong at han las søndagsteksten. Så song han: «Forfengelig er alt hvad værden give, gods, ære, guld og kunst og videnskabe ... en konges pragt så vel som tiggerstaven, er alt når eieren er lagt i graven, til sammen muld». Det var helst som han sa tonane når han song, sa folk. Årstalet då samtalen mellom Rasmus og Theodor fann stad, er ukjent, men det kan ha vore kring

1916. Dei to tar turen inn på kyrkjegarden. Går og småpratar. Rasmus fortel om folk som er gravlagde her og peikar på kor dei kvilar. Og han nikkar mot tårnfoten og avslørar at han saknar kyrkja si: - Førr, seier Rasmus. – Då hadde me kyrkjå her. Då va dæ meining i å gå te preikjå. For då kunne folk stedla seg så dei ville på vestsia mot sjøen. Når dei trong dæ. For darr va inkje aue i havet som glåpte på nogen. Og titt stod darr møgje folk og rettledde seg før dei gjekk inn i kjørkjå.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhalds-lag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkellubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Aud Bratland Bø
bygdekvinnelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Terje Lerbrekk, 4H

Varamedlem

Kjartan Aanestad, skulekorpset

Varamedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennermerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro.

og graset legg om namnlaus grav ein gløymleklednad god.

Men ein og annan merkestein held fast eit minne enn der han står vakt om deira bein som levde i vår grend "



Ingen som såg

Rasmus stoppar opp, kikkar rett inn i augo på diktaren og minnar han om gamle dagar:

- Hus på dæ at darr va mange mæ ringe bløre, folk så hadde sode på bådtoptå i all slags vêr og vorte vondt farne. Og dei kunne inkje bia så lengje, dei måtte vestanom kyrkjå før dei gjekk inn. Og jedna dei måtte same veien midt under preikjå.

Med denne umåteleg viktige rettleiings-fasaliteten til stades, var ikkje Rasmus i tvil om at kyrkja hadde vore i ein særklasse. Vest på kyrkjebakken kunne ein løysa bukseknappane i full diskresjon. - Darr fanst ikkje eit aua på vestsia, understreka Rasmus Olsson.

Tobakkssaus i spyttebakken

No var den nye tida i emning, og mykje var endra. Kyrkjelyden og presten hadde ikkje funne det tenleg å ta med dei gamle spyttebakkane på flyttelasset til den nye kyrkja på Odland. Spyttebakkane i Varhaug-kyrkja var romslege og stod strategisk plassert slik at mannfolka kunne kvitta seg med tobakksaus frå skrå eller snus i ei potteliknande sagflisstrødd sak. Dei gamle karane kunne senda av stad den brune klysa og treffa spyttebakken frå lang avstand. Sjølv sagt kunne dei også bomma i ein halvblind, ukonsentrert augneblink. Då hamna sausen på golvplanken

med eit dråpesmittande plask. Hygienisk var ordninga definitivt ikkje, sjølv om kyrkjetenaren hadde delegert ansvar og kompensasjon til ein person som hadde arbeidet med å tømme spyttebakkane og fylla på ny sagflis etter gudstenesta.

Lite meining i Odlandskyrkja

Rasmus sakna dei romslege spyttebakkane:

- Ein kunne spotta så folk, sa han, og hadde lite positivt å seia om kyrkja på Odland. – Den nye kyrkjå ligge sållest at darr er aue adle plassene, så folk mæ ringe bløre kan snautt gå der. Og spottebakka finst inkje. Når folk inkje kann rettleia seg utføre kyrkjå og inkje spotta inni na, så æ darr lide meining i te gå te ei sleg ei kyrkja.

Dei to karane vandrar rundt på kyrkjegarden. Theodor Dahl treng ikkje pressa på for å få gamle Rasmus Olsson Varhaug til å fortelja.

- Her ligge møjje folk. Adle slags folk. Mange så he blëve (drukna) utføre frå skjeb så gjekk te. Så dreiv ligjå i land og vart borne inn her. Dei kom allre heim. Her æ folk frå hiværo og austante Gottenborg og Danmark, tyskarta og fransmenne, folk norante Karmøyno, lensmenne og presta – men dei fleste æ nå soknabodn.

Den siste kvila

Soknebarnet Rasmus Olson Varhaug vart 84 år gammal. Han døydde heime på Varhaug jonsokaftan, 23. juni 1923 og vart gravlagd 3. juli. Truleg fekk han si siste kvile der han helst ville. På nabotomta, i jorda på den gamle kyrkjegarden.

- Her vil æg au liggja, sa han. - Her ligge en godt. Og her va darr kyrkja så darr va meining i.

Kjelder:

Humor fra hav til hei
Theodor Dahl, Stabenfeldt, 1944

Gards og ættesoga for Hå.
Torgeir Edland, Hå kommune, 1972

Takk til Sverre Ånestad
og Oddvar Varhaug

JA TIL UTVIKLING AV VARHAUG

No er idegruppa for utvikling av Varhaug etablert og har hatt to møter. Idegruppa har mandat frå Varhaug Bedriftsforening til å koma med forslag og idear. Idearbeidet skal vera levert til Varhaug Bedriftsforening innan 30. september d.å. Målet er å gjera sentrum og bygda til ein attraktiv og god plass til å leva og bu, og å ha så godt butikkutvalg at me slepp å bruka tid og pengar på å reisa for å kjøpa det me treng. Me vil at Varhaug skal vera ein plass folk reiser til, og ikkje frå, når dei søker aktivitet, sosialt lag og god handel. Ei av utfordringane me arbeider med er å finna eit ord/begrep for Varhaug, - som ikkje er ein by? eller bygd?, men ... Her treng me forslag. Me er interesserte i alle typar innspel og forslag. Vennleg ta kontakt med ein av oss i idegruppa.

Jon Harald Håland



Iris Odland Knutsen
952 24 167

Terje Lerbrekk
909 85 296

Monica Dubland
936 55 340

Terje Vik
917 46 992

Berit Skretting
994 98 957

Trine Nevland
907 65 144

Arnstein Skretting
996 07 968

Jon Harald Håland
911 81 167



FRÅ REDAKSJONEN

Så var ein vellukka 17. mai over, sjølv om eg ikkje hadde bunaden på. Grunnen til det var at eg skulle vera med på noko matlaging på Frivillig sentralen på Nærbø frå morgonen av. Og bunad er jo ikkje akkurat noko kjøkkenplagg. Det var eit vellukka frukosttreff etter barnetoget med 25 til bords. Så var det heim til litt avslapping, før eg reiste til Kulturkvelden i Lensmannsløå. Jarle Mong hadde eit interessant kåseri både om dagen i dag og anna. Ordet «Identitet», gjer at eg vil minnast denne kvelden med glede. Elles var det musikalsk innslag med «to Tynne og ein Runde» som og leia allsongen. Takk til Vennelaget for nok ein gild kveld i løå. Så er det berre å gleda seg til teater framføringa «Pippi» til helga.

Når bladet går i trykken er eg på ferie, men eg reknar med at trykkeriet får det til slik eg vil ha det, sjølv om eg ikkje får sjå det først.

Neste viktige ting er Varhaugmarken 3. og 4. juni. Då håper me på godt vær, og full rulle i stasjonen.

Sidan dette nummeret er det siste før fellesferien, vil eg ynskja alle ein fin sommar. Og så får me drøsast til hausten.

Vil du gje ei gåve til Varhaugbuen ?

Det er framleis høve til å gje eit bidrag til bladet. Har dei ikkje giroen me sende med i sist nummer, så kan dei senda eit ev. bidrag til konto nr. 3325.33.67038

NB!

Det er veldig viktig at du skriv namn og adresse på giroen, dersom det er ei anna postadresse enn Varhaug som skal ha bladet.



FOR DARR VA INKJE
AUE I HAVET SOM
GLÅPTE PÅ NOGEN.





Preikestolen var eit høydepunkt både for elevar og lærarar.

Europa invitert til Varhaug



Siste veka i april hadde Varhaug ungdomsskule besøk av 25 elevar og 12 lærarar frå skular på Kypros, Spania, Portugal, Finland, Polen og Tyskland. Elevane budde hos vertsfamiliar og lærarane budde på Obrestad fyr. Det vart ei fantastisk veke, både for elevar og vaksne.

Kort om prosjektet

Erasmus+ prosjektet heitar «Visions of my future-me» og går over 3 år. Koordinatorskulen er Varhaug ungdomsskule og til saman skal 24 elevar frå Varhaug få reise på tur dei neste to skuleåra. Dette var det første møtet for elevar og lærarar.

Offisiell mottaking

Prosjektet starta med ei offisiell mottaking på Varhaug misjonshus. Der fekk dei ein omfattande velkomst frå kommunen, leia av ordførar. Etter lunsj var det tre-timars guida busstur på Jæren.

Skuledag

Tysdag var det aktivitetsdag på Varhaug ungdomsskule. Dei steikte vaflar og lappar i mat & helse, hadde kunst & handverk og opplevde klatreveggen i den flotte idrettshallen. Til og med lærarane blei freista til å prøve, sjølvsagt sikra av elevar frå Varhaug ungdomsskule med klatresertifikat.

Høydepunktet

Onsdag var høydepunktet på opphaldet. Tur til Preikestolen stod på programmet. Dei fekk oppleva norsk natur på sitt beste, både gjennom sol og snø.

Museumsbesøk

Vitengarden og Hå gamle prestegard var også på programmet. Mens elevane var der arbeidde lærarane med prosjektet på Varhaug ungdomsskule.

Aktivitetsdag

Veka vart avslutta med aktivitetsdag. Elevane fekk prøvd seg på innebandy, volleyball, fotball og rebus i saman med elevar frå 8.trinn på Varhaug. På ettermiddagen var det grillfest, der det blei delt ut deltakarbevis, og elevar frå Varhaug ungdomsskule som skal reise på tur blei presenterte.



Dei besøkande i oppstilling ved Varhaug gamle kyrkje som del av "rundtur på Jæren".

Slawomir frå Polen prøver seg på klatreveggen.

Erfaringar

«Eg snakka engelsk til mor mi til slutt!», var kommentaren frå ein av elevane i 8. klasse. Mange opplevde at dei fekk mykje trening i å snakke engelsk. Det viktigaste var likevel nye vennskap, og å utvikle seg sjølv gjennom å bli kjent med andre kulturar.



Elevar og lærar frå Kypros blir tildelt diplom for deltaking, og elevar som reiser til Kypros i september blir ønskte god tur.

Neste gang vi er vertskap:

- Meir deltaking frå alle elevar.
- F.eks.: tysdagen (aktivitetsdag)
- Vertsaelevane enda meir med på aktivitetar.
- Eldre elevar: Elevane frå Polen var 2 år eldre enn dei andre, og det slo negativt ut i nokon samanhengar. Er nok best å halde same alder i gruppa, for å unngå at det skal bli ein annleis dynamikk. Ikkje eit stort problem, men greitt å ha i tankane.
- Meir detaljplanlegging på forhand: for eksempel: Skriftlig avtale til kantine for å være tydelig. Timeplaner/grupper for aktivitetsdager bør ordnes litt før osv.
- Obrestad fyr bør brukast. Men det bør være en bil til rådighet, sjølv om det ikkje er mulighet for minibuss.
- Viktig med god kommunikasjon med heim, lag epostlister.

- Finn ut så mye informasjon som mulig om ankomst, avreise, detaljer om språk, preferanser osv. på forhånd. Send ut et dokument som landa fyller langt på forhånd.
- Vigrestad taxi var en glede å jobbe med.
- Kommunen gjorde ein veldig bra jobb.
- Enda meir trykk på media, ta personleg kontakt.

Til elever som drar:

- Gaver: Elever som drar har med noko til vertsfamilien – gjerne typisk for regionen, treng ikkje å vera dyrt.
- Lompepenger: alt av aktiviteter og mat og losji er dekket av programmet. Ha med lompepenger til privat forbruk.
- Informasjon om medisin/helse
- Foreldre må skrive under på at elever får bade.
- Pass og visum.

- Kommunikasjon mellom lærere og elever: dei må ha mobil med nok penger til å kunne melde/ringe lærere om det er viktig. Men hugs at det koster penger i europa.
- Foreldre og elever får nummer og mail til lærere på tur.
- Vi forplikter til å lage en messenger gruppe (facebook messenger, whatsapp +++)
- Er det noe som oppstår: elever må ta kontakt med lærere før de ringer hjem.
- Ha et møte med foreldre i forkant. (Tidlig september for Kypros) Send epost til foreldre ved skulestart.
- Oppførsel på tur: vi snakker om det på møtet i forkant av tur. Minn om søknaden. Snakk om kleskoder/mat/sikkerhet.
- Foreldre ordner skyss til flyplass.



Under open himmel med Svala 4H



Brit Obrestad

Natta mellom 4. og 5. mai var det 48 ungar som sov under open himmel i Leksaren på Reiestad. Men før det skulle dei grilla, spela volleyball og ha kakefest ved Internatet. Ordførar Jonas Skrettingland deltok i volleyballturnering med 65 4H-medlemmar. (Alle medlemmane og vaksne deltok på lag, det var semifinalar og finale). Etterpå feira dei med kakefest at 4H Norge er 80 år. Kakene var bakt av 4H-medlemmar i klubben som har baking som 4H-oppgåve. Det var berre to som stilte frå kommunen,

Svein Høyland i tillegg til ordføraren, og dei var temmeleg deppa etterpå, for dei tapte. Kalde vind frå sør gjorde at det var best å vera i aktivitet, så volleyballturneringa hjalp til med å halda varmen.

«Å lære med å gjera» er mottoet til 4H. Derfor har dei mange ulike aktivitetar. I 4H kan du begynna det året du fyller 10 år. Svala 4H har nå ca. 85 medlemmer. Mange av medlemmane er ungar til dei som tidlegare har vore aktive i laget. Ungane vel sjølv

kva aktivitet dei vil vera med på. Ho som er leiar i laget nå, heiter Ragnhild Skretting, og er snart 16 år. Dei har med seg fem vaksne rådgjevarar. Ragnhild fortel om dei ulike oppgåvene ho har hatt, mellom anna baking, form og fantasi, mat med melk, scrapping (laga kort), kreativ saum, min konfirmasjon, og nå siste året kiling av stein. Med denne oppgåva har ho saman med to andre vore med og laga ein fin stein med 4H merket på som skal vera laget sin stein. –Denne steinen er spesiell, det er så fin klang

i den, men då må du bruka sama sort stein til å slå med for å få fram den fine klangen, seier Ragnhild.

Eg lure på korleis det gjekk med overnattinga, så eg stiller nokre spørsmål til Kristin Søyland etterpå. Gjekk det greitt med overnattinga i Leksaren? Sov ungane? Var det kaldt? –Det gjekk kjempegodt. Dei fleste sov godt, men det var kjølig for dei som ikkje låg bak presenning, for sønnvinden bliskra godt. Det sista toget gjekk 12 og det første kom 5,

så det var stilt frå den kanten om natta. 48 ungar sov om natta, og 4 nattevakter. Nattevaktene fyrte i bålpannene gjennom heile natta, og det sette ungane pris på når dei vakna og åt morgonmat i ring rundt bålet. Marie Aniksdal hadde sendt med ein stor pose med ullteppe, som nattevaktene fordelte på kalde ungar. Det var magisk å ligga under trekronene og sjå stjernehimmelen og høyra vinden. Ei fantastisk oppleving, sjølv om det var kaldt.

Kven vant på volleyball-turneringa? –Lag 7; Oline Johnsen, Rikke Herikstad Aanestad, Seline Årdal Nesvik, Torill Søyland Utbjøa, Henrik Hobberstad, Marcus Hognestad, Thea Lerbrekk og Magnus Berge Galtvik vant volleyballturneringa.

Takk til Felleskjøpet som hadde sponsa presenningane, og SPAR som hadde sponsa morgonmaten.





Nytt frå *Misjonshuset*

Så var vi et hakk nærmere sommer,- i alle fall etter kalenderen. Og 17. mai er unnagjort. Antar at Misjonshuset vil vera synleg på eit eller anna vis under Varhaugmarken. Men etterpå er det planlagt mye mindre aktivitet på Misjonshuset.

Det er tradisjon med to hagestevner: Normisjon har sitt hagestevne (tidligere kalt preste-hagestevne) på Nord-Varhaug hos Oddmund og Gunhild Nord-Varhaug. Det er søndag 12. juni,- se egen informasjon i bladet. I August er det NMS som har sitt hagestevne på Varhaug, hos Håkon og Åse-Marie Varhaug.

For «me over 60» er det to onsdagar i månaden treff på Misjonshust kl 14. Her er det litt program og ein liten utlodning – og god mat.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Eg gjer merksam på kontortida på misjonshuset måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er no berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset.

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no
Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Bilde fra stevne i 2009.



Hagestevne 12. juni kl 14 på Nord-Varhaug



Normisjon inviterer alle til hagestevne hos Oddmund og Gunhild Nord-Varhaug søndag 12. juni. (Dette er en fortsettelse av det gamle «preste-hagestevnet». I mange år var det holdt i hagen til Mildrid og Ole-Andreas på Dysjaland stort sett på søndag etter Varhaugmarken.) Grill vil være varm kl 1300, så det passer å starte med lunsj før møtet begynner. Møtedel med andakt for barn (og voksne) begynner kl 1400. Det er Torun Fjelde Hansen (nå kontorleder i Normisjon) som taler.

Og til et hagestevne hører det med sang og leiker for alle. Siden havet er nærmeste nabo kan kanskje noen «krabbe» i fjæresteinene. Det er viktig å ta med godt humør, mat og drikke. Husk stol eller noe å sitte på. Og penger til brus og kollekt. (Dersom det blir veldig dårlig vær blir det innendørs på misjonshuset.)

Velkommen, hilsen Normisjon



HÅ REGNSKAP AS
Autorisert regnskapsførerselskap

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESLÅING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10



R.SKRETTING A.S

SpareBank
SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.

Varhaug
Park & Hage

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug

jonharald@norgeshus.no

Lars Gaute Sport
sport 1

VARHAUG 51 43 28 80


N/ERBØ 51 43 43 10

JG MASKIN

Jan Gunnar Lindheim - Varhaugvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 956 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnaul@online.no



HÅ skulesjakk



Etter Hå-mesterskapet har spelarar frå klubben deltatt i KM for lag 12. mars og Norway Chess skuleturnering og Norway Chess BGP. Med gode resultat. I KretsMesterskapet hadde me 2 lag frå Varhaug skule og eitt frå Vigre. Varhaug vart nr 2 av reine skulelag, frå Vigre var det eit reint småskulelag (spelarar opp til 4. klasse). Sjå bilete også.

På Norway Chess hadde me fleire deltakarar. Bestemann i klubben (Oskar Feed Jakobsen) deltok i Norway Chess Grand prix (ei vaksenturnering) i Stavanger der han vart nr 3 i sin klasse. Veldig flott. Hå skulesjakk hadde eit Varhaug skulelag med i Norway Chess skuleturnering og dei vart nr 3 av 22 lag! Kjempebra! Og Magnus Carlsen og dei andre spelarane i verdstoppen kom innom og skreiv autografar. Stor stas.

Siste arrangement under Norway Chess var BGP-turnering der me hadde 8 deltakarar frå Hå skulesjakk. Her er resultatet frå nybegynnarklassen (5 frå Hå):

Sundag 1. mai vart det arrangert inspirasjonssamling med stormester Jon Ludvig Hammer, som er nr 2 i Norge. Han hadde gode eksempler og var gild å høyre på. Og så spelte han simultan mot 24 spelarar samtidig i 3 omgangar. Frå Hå var det brørne Oskar og Arvid som klarte å vinna mot han, og av dei i alt 72 som spelte mot han var det berre 6 som klarte å slå han, og dei vann på tid. Han hadde 45 minuttar mot 25 spelarar, og me som spelte mot han hadde 15 minutt kvar!

Med sjakk-helsing, Per-Arvid

Endelig resultatliste					
P1	Navn	K1	Poeng	Ind.p	Innb.
1	Lura	BS	18,0		
2	Jåtten_Super_Mix	BS	16,0	18,5	
3	Smeaheia 2 mix	BS	16,0	18,0	
4	Varhaug 1	BS	14,0	17,0	
5	Lassa Tigers	BS	14,0	16,0	
6	Tjensvoll	BS	14,0	15,5	
7	Lassa Vikings	BS	14,0	13,5	
7	Vaulen	BS	14,0	13,5	
9	Hana 1	BS	13,0	15,0	
10	Solås	BS	13,0	14,0	
11	Varhaug 2	BS	13,0	13,0	

24/4-2016 Resultat fra Altibox Norway Chess skoleturnering 23/4-2016

Endelig resultatliste			
P1	Navn	Poeng	Ind.p
1	Lassa 1, Stavanger	14.0	20.5
1	Tjensvoll, Stavanger	14.0	20.5
3	Varhaug, Hå	13.0	16.0
4	Haukås, Bergen	12.0	17.0
5	Madlavoll, Stavanger	12.0	16.0

24/4-2016 Resultat fra Altibox Norway Chess BGP turnering 24/4

Klasse nybegynner		Endelig resultatliste				
P1	Navn	Klubb	Poeng	Monr-1	Monrad	Berger
1	Håvard Torkildsen	Haukås Ss	15.0	45.0	54.0	54.00
2	Roman Nod	Smeaheia SS	14.0	43.0	52.0	46.00
3	Silje Rimestad	Hå Ss	12.0	49.0	58.0	36.00
4	Daniel Boye	Jæren Ssk	12.0	46.0	52.0	31.50
5	Lucas Pham	Stavanger Sku	12.0	42.0	51.0	35.00



KM Vigrelaget



Simultan



Sjakk simultan



Norway chess BGP



KM Varhaug 1 i action



Magnus på skoleturnering

Siste opplegg før sjakksommefeire, er at me i klubben vil arrangere VM i utesjakk under Varhaugmarken 4. juni.

Påmelding på fredag 3. juni.

Premiar til dei 3 beste.




NorwayChess skoleturnering

Hå sjakk for vaksne

På lensmannsløa har me hatt vaksensjakk etter skulesjakken 2 gong i månaden. Me har hatt eit lite lømeisterskap, og også spela litt linsjakk innimellom. Fleire av dei beste (og eldste) frå . skulesjakken har delteke og gjort det vanskeleg for vaksne å hevde seg. Her er oppsettet for siste runde, felt med grå farge er poengsum for siste runde..

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Vårturnering
Varhaug (20/01/2016, 22/06/2016)
Pairing of round 5

Bo.	White			Res	Black		
1	Oskar Feed Jakobsen	3.5	10	...	11	3.5	Per-Arvid Jakobsen
2	Roar Sola	3.5	13	...	7	3	Mads Even Hobberstad
3	Olav Madland	2	9	...	8	2	Odd Ivar Nese
4	Asmund Singstad	2	16	...	12	2	Pål Hovstad
5	Arvid Feed Jakobsen	1.5	1	...	15	2	Ruurd Kuipers
6	Hans Vigleik Jakobsen	1	4	...	2	1	Bård Kydland
7	Steffen Thune	1	6	...	17	1	Jørn Arild Bjørkmo
8	Jon Petter Runde	1	5	...	3	0	Dag Madland

Språksprell

- no med norsktrening på sykkel
- å kunna sykla eller ikkje, utgjør ein stor forskjell når ein ikkje har bil



Språksprell er eit integrerings- og norsktreningstilbod for flyktningar som er busette i Hå. Me møtest kvar torsdag i Løa på Varhaug.

Å koma til eit nytt land byr på utfordringar og muligheter – som å lære å sykla. Responsen var overveldande då me lanserte ideen om sykkelkurs til damene som deltek på Språksprell. Dette ville dei vera med på.

Medan damene er på Iden å trener på å sykla, ryddar mennene på stranda eller på Iden. Og når me kjem tilbake til løa kl 12 får me av kjøkkengjengen servert herleg heimelaga suppe og brød.

Så - torsdag 12. mai stilte ein gjeng motiverte og spente damer på Iden. Eit anseeleg antal sykklar var alt på plass. No skulle det lærast å sykla. Og jammen var det dei som klarte det på første dagen! Det var imponerande. Litt knall og fall vart det – å halda balansen er ikkje lett. I det heile var det imponerande og utruleg gøy å sjå den innsatsen og iveren dei viste for å lære. Framover vert det spennande å sjå kor mange som klarer å sykla før me tek sommarferie.

Den lange sommarferien kan vera ei utfordring når ein er ny i landet. Flyktingane ønskjer kontakt med norske for å lære norsk språk og kultur. Mi oppfordring til oss varhaugbuar er å ta kontakt med nokon av dei nye i løpet av sommaren; helsa på dei, dela nokre ord, invitera på ein kaffikopp, ta dei med på ein tur. Invitera dei med på noko som du ellers gjer. Det er dei små tinga i kvardagen som tel. Kanskje «Hå-venn» er noko for deg? Då kontaktar du frivilligsentralen (41532696) og så formidlar dei kontakt mellom deg og ein flyktning, eller ein familie,(det som passar for deg) som ønskjer å få kontakt med norske. Du er velkommen til å ta kontakt med meg for meir informasjon. God sommar!

Anny Hagesæter (tlf 97673206)

KORT SPEL OG BINGO

Kvar måndag møter ein trufast gjeng opp til både kort spel og bingo i kjellaren i gamle idrettshuset (tidlegare kafeen).

Kortspelet tek til kl. 11.30 og bingoen kl. 15.00

Dei Vigrestad er veldig trufaste på bingoen, men det er plass til fleire både derifrå og ikkje minst Varhaug.

Stor takk til alle som møter opp, og ikkje minst til dei faste bingovertane; Turid, Solvor og Britt.



NÅ SKJER DET NOKO I SENTRUM

Varhaug

Først opna Stasjoen Pub i gamle banken, og i neste månad kjem Dyre butikken til Marius Usvaltas i nye banken. Dette skreiv me i sist nummer av bladet at han hadde planar om, og nå er planane vorte ein realitet. Der vil han selja mat og utstyr til små husdyr.

Håper publikum tek vel i mot både det i gamle og nye banken. Gildt at det endeleg skjer noko i sentrum.

LIV





17. MAI

Redaksjonen takker Judith Hobberstad
og Kristin Søyland for gilde 17.mai bilete



Det skjer på Lerbrekk

Årsmøte var den 10. mars. Sigbjørn ynskte 37 personar vel møtt. Årsmeldinga syner at det er mykje aktivitet på skulen, og det er gledeleg. Laget har ca. 152 medlemmer, og 2070 personar har skive seg i gjesteboka. Men det har heilt sikkert vore fleire innom. Når det er utstillingar og mykje folk, er det ikkje alle som skriv i gjesteboka. Huset har vore leigt ut til ulike arrangement 46 gonger. Mæland og Grude hadde salgsutstilling med trearbeid i september, og Kunst og Kult hadde salgsutstilling i oktober. Det har vore sundagskafé 11 gonger. Elles er det utleige til selskap i samband med runde dagar, barnedåp eller til andre lag som leiger skulen.

Sigbjørn Varhaug var attvald som leiar. Styremedlemer Inger Haugstad og Dag Varhaug vart attvald. Likeeins varamedlemer Ingunn Reiestad og Oddvar Varhaug, og revisorane Øystein Bratland og Ingvar Reiestad. Brit Obrestad og Oddvar Ånestad var ikkje på val. Kontingenten er framleis kr 50.

Etter matøkt med gode smørbrød var det tid for Ståle Ree som var med oss. Han fekk lattermusklane i sving med alle sine gode historier og songar. Humor er viktig for helsa. Ein god latter forlenge livet. Det er viktig å ikkje ta seg sjølv så høgtideleg, sa Ståle Ree. Slepp deg lause og la det stå til.

Med mykje aktivitet på skulen, har vaskegjengen nok å gjere for å halde det reint og ryddig. Måndag

25. april kalla dei inn forsterking av styret for storreingjering. Det var ein perfekt dag med sol, lite vind og utan skitlukt, så me kunna lufta både møbler, tepper og puter i lærarstova. Vinduer skulle opnast og vaskast både utvendig, innvendig og mellom dei doble glasa. Humøret var på topp, humoren sat laust, og arbeidet gjekk unna. Olav sopa heile uteområdet, og glasa skein då me var ferdige. Lapskaus frå Skrettingen smaka godt. Kaffi og kroneis etterpå ga god energi. Dermed var det klart for konfirmasjonar dei to neste helgene.

Sundagskafeen held fram: 5. juni, 3. juli, 4. september, 2. oktober og 6. november.



Måndag 25. april kalla dei inn forsterking av styret for storreingjering



Frå årsmøtet



Grillkvelden i sommar (merk tida)
torsdag 4. august kl. 18.00

Det vert sal av grillmat, kaffi og kaker. Agnes med sin gjeng syter for god musikk. Alle er hjarteleg velkomne!

Elles planlegg me allsangkveld måndag den 19. september kl. 19.00.

Brit





Jærtreffet 2016

Jærbelgen trekkspelklubb og Varhaug idrettslag nok ein gong Jærtreffet i Varhaug idrettspark. Her er både dansegilde mennesker og dei som liker å lytta til musikk hjarteleg velkomne. Fleire grupper har allereie meldt sin ankomst, mellom anna ei svensk gruppe med både spelemenn og dansere. Dei vil ha ei kort oppvisning på lørdagskvelden. Dugnadsgjengen i Varhaug idrettslag serverer mat og drikke

både fredag og lørdag. Dei lager også til bobilparkering med tømmeuligheter og ladestraum.

På lørdag klokka 13.00 vert det allsang i gamlesalen. Dette er gratis og åpent for alle. Salg av middag, kake og kaffi i pausen.

Kom og bli med på ei helg med variert musikk og dans på Varhaug.



**VARHAUG
BYGDEUNGDOMSLAG**

OLABILLØP



Fredag under Varhaugmarken arrangerer Varhaug Bygdeungdomslag olabilløp!

Startstreken går fra Esso-brunå å ner langs togbanen og vil ende rundt gamle SR-bank ett sted.

Sett i gang olabil bygginga og bli med du og!

KULLSYREMASKIN
FRA AGA



499,-

ny patron
269,-
bytte av patron
149,-

**VI HAR
GODKJENT
BILVERKSTED:**

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



Varhaug Bygdekvinnelag



I dag når eg skriv dette har det vore ein fantastisk mandag, ca. 25 gr. og gågruppa har teke toget til Kleppst. og gått tilbake til Bryne på stien langs Frøylandsvatnet—og sjølvsagt vandra me over på Midgardsormen--- dette var vår innviing av brua--12 stk. var med på dette.

I bladet som kom ut sist skreiv Liv om medlemsverving som me hadde på Spar—om me fekk nye medlemmar viste ho ikkje- me fekk 3—men har fått mange medlemmer det siste året og kan då stolt fortelja at på Årsmøtet i Rogaland Bygdekvinnelag i mars på Jæren Hotell fekk Varhaug Bygdekvinnelag diplom for god medlemesauke og aktivitet--- i tillegg fekk me 2 gratisplasser til kurs på Gullingen i «Ville Vekster» og da passet det å sende dei to styremedlemane-- Mari og Gerd Marit- som blei medlemmer i 2015- og håper at me får dra nytte av kurset her på Varhaug etterpå.

Tema for året er i Bygdekvinnelaget «Bygda i Bevegelse» og sunn mat av «ville vekster» På Varhaugdagane vil me være synlige- me vil være som vanlig på «Stand» å steike lapper og selge m/ kaffi- dessuten vil me være med handelsstanden å servere frokosten lørdag morgon .

Torsdag 16. juni sluttar me av for sesongen med ein sykkelstur til Haugstadskogen---støtter opp om tema «Bygda i bevegelse» og møter på Internatet kl. 18.00 med hjelm og nistemat--- litt aktivitet

vil det verta i skogen. Bondelagsmedlemmer er velkomne til å være med—forresten kjekt om andre også har lyst—ALLSÅ: alle er VELKOMNE te SYKKELTUR--- sjå for dokke den lange rekka med syklistar langs vegen til Haugstadskogen—så heng på!!!

Så er det sommar og ferie- men litt planer for hausten har me—da tenke me på kurser. Har fått ynskje om fotoredigering, korleis være på facebook, lefse og flatbrød + kva med å starte leseringer?? Er det nokon som vil på desse kursa-meld din interesse til Mari Madland, telf. 93485104- e-post Mari. Madland@ha.kommune.no , så «syr» me i hop kurs etter interessen. Tek sikte på å starte i sept./okt., Fotoredigering og Facebook vert på mandager på Biblioteket- Lefsekurset på Ungdomsskulen- dag etter ledig /behov. Andre kurs? Strikkekaffeen har teke ferie og starter opp at 1.mandag i sept., likeså har trimgruppa ferie frå 7. juni med oppstart 30. august -- samma tid og stad. Gågruppa har ikkje ferie- alltid nokon som går—møt opp på mandagane på Iden kl. 9.30— --- trim æ viktig!

Så vil eg ynskja alle ein fin sommar.

Oddbjørg Skrettingland



Varhaug Bondelag

Me er i skrivande stund (10.mai) midt i den travlaste og viktigaste tida på året for bønder og Bondelaget. Me har lagt bak oss ein kald vår, men har i desse dagar fantastisk vær med over 20 grader på gradestokken.

Det er travle og viktige dagar for bønder med pløying og såing, grønsaker som skal i jorda, lemming, kviger, kyr og sauer som skal ut på beite og alt som høyrer våren til. Det er på mange måtar no me legg grunnlaget for resten av sesongen. Dette er ei fantastisk tid, som gjer meg takknemlig for det yrket eg har.

Våren er også tida for dei årlege jordbruksforhandlingane. Og når eg skriv dette er dei i gang og forhandlar og me følgjer spent med på kva som vert resultatet. Her forhandlar Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag med staten, på vegne av alle bønder i Noreg, om jordbrukets

betingelser for det neset året. Her forhandlar dei om alt frå korleis statlege overføringar vert fordelt, til kva me som bønder får for produkta me sel. Med andre ord er dette av stor betydning for våre medlemmer.

Varhaug Bondelag har hatt medlemsmøte, og fått innspel om kva som er viktigast i desse forhandlingane, og sendt det vidare til Norges Bondelag. Og så er det berre å håpe at dei kjem fram til ei løysing alle kan vere nøgde med.

Me stiller også i år i 17.mai toget og etter det tek styret sommerferie og er klar igjen til kumønstring på Jærmessa. Så står det berre att, på vegne av styret, å ynskje alle ein god sommar.

Magnus Ånestad



KLOKKARHAGEN



Trond Atle Olsen fra VSK testet sykkelen i forbindelse med overrekkelsen av hjelmer og utstyr. Passasjerer er Anna Ekroll og Anne Dagny Versland fra Klokkekarhagen sjukeheim.

VARHAUG SYKKELKLUBB

Da er årets sykkelsesong godt i gang, og vi i Varhaug Sykkelklubb (VSK) har planene klare. Det har allerede blitt arrangert flere ritt hvor klubbens medlemmer har deltatt. Årets høydepunkt for mange er jo Nordsjørittet som i år arrangeres lørdag 11.juni. Det er alltid noe spesielt å passere Varhaug under dette rittet. Kjempegod stemning og mye liv hjelper veldig på motivasjonen, så fortsett slik dere som trofast stiller opp som publikum!

I fjor stilte vi dessverre ikke opp på Varhaugmarken, men i år satser vi på å delta. Så sjekk ut standen vår under årets marken, her vil det skje spennende ting for både liten og stor!

Ellers så har VSK vært med og sponset et veldig bra tilbud ved Klokkekarhagen sjukeheim. De har fått seg en el-sykel gjennom prosjektet «Sammen på sykkel». Sykkelen har plass til to passasjerer, og tanken er at pasientene skal få komme seg ut i nærmiljøet og få fine turopplevelser. VSK, i lag med Spinn sykkelshop, sponset prosjektet med fire sykkelhjelmer, to sykkeljakker, en solid lås, samt noen drikkeflasker. Så det skal ikke stå på utstyret i hvert fall!

Ønsker du mer informasjon om dette kan du gå inn på www.sammenpa sykkel.no eller kontakte Klokkekarhagen direkte.



Anna Ekroll er klar for en sykkelstur i lag med passasjerene Reidun Mjølhus og Karen Malene Fuglestad.



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø


Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 -15

Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



NYTT BAD?
VI HJELPER GJERNE MED PLANLEGGING OG PROSJEKTERING



Kul-tur

Turer med kulturelt innhold i lokalmiljøet.

2016

FRIVILLIG

Kul-tur er turer med kulturelt innhold i lokalmiljøet. Turene varer 2,5- 3 timer og ledes av frivillige fra Gjesdal, Time, Klepp og Hå. Ta med matpakke, klær etter vær og gode sko! Møt opp kl. 10.30.

Tirsdag 29. mars: Time
Turmål: Rønåsen
Fremmøte: Eikeland skule
Guide: Åmund Eikeland og Leiv Tafjord

Tirsdag 26. april: Klepp
Turmål: "Joa kyrkje"
Fremmøte: Parkeringsplass - Kleppeloen
Guide: Svein Efteland, Gaute Klepp og Ragnar Kleven

Tirsdag 31. mai: Gjesdal
Turmål: Ravndal/Nevlandsheia/Hadland
Fremmøte: Coop-Extra på Ålgård
Guider: Jesper Jarl Ravndal og Martin Ravndal

Tirsdag 28. juni: Hå
Turmål: Hetland - Ueland
Fremmøte: Hetland kraftstasjon, Ogna
Guider: Hå Frivilligsentral

Tirsdag 26. juli: Time
Turmål: Midgardsormen
Fremmøte: TKS - Kvernaland
Guide: Svein Nedrebø og Leiv Tafjord

Tirsdag 30. august: Klepp
Turmål: Tu - Tinghaugrunden
Fremmøte: Kåsen idrettshall
Guide: Folke Ravndal, Gaute Klepp og Ragnar Kleven

Tirsdag 27. september: Gjesdal
Turmål: Limagarden
Fremmøte: Limagarden
Guider: Jesper Jarl Ravndal og Martin Ravndal

Tirsdag 25. oktober: Hå
Turmål: Refsnes - Hå gamle prestegard
Fremmøte: Refsnesstranda
Guider: Lars Erling Friestad

KONTAKT
Klepp: 51 42 96 40. Svein 970 10 397.
Folke 960 13 290. Gaute 988 59 223.
Ragnar 908 00 446

Time: 90529346. Svein 948 41 402.
Leiv 971 65 928.

Gjesdal: 51614420/913 38 797.
Martin 977 84 642. Jesper Jarl: 992 60 843.

Hå: 51793530/ 415 32 696.
Lars Erling 415 32 643.

FRIVILLIG



- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!

FARGERIKE HALVORSEN
Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.


FARGERIKE

NÅR SOMMEREN SKAL NYTES

FK TOPPBARK
5x50 LITER

5x50 liter 249,-

GRESSKLIPPER
VIKING MB 448.1 TX
m/bioplugg

3995,-
(4990,-)

NYHET!

Char-Broil TRU INFRARED
Grilling's Juicy Little Secret

VIKING ROBOTKLIPPER
MI 422 IMOW

9995,-
(11490,-)

NYHET!

FOR HAGER OPPTIL 500m²

MER SMAKSFULL GRILLMAT

GASSGRILL
CHAR-BROIL 3 BRENNER T36G

5595,-

FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14

 **butikken**
fkra.no/fkbutikken

NÅ HE ME FÅTT PØBB PÅ VARHAUG



Eg har lenge sett på alt dugnadsarbeidet som vart gjort inne i den gamle banken, og eg har og vore innomhus fleire gonger. For dette tykte eg var ganske spanande. Lokala hadde vore tome lenge, heilt sidan Lotus flytta til Stuelandsbygget, og endeleg så skjer det noko nytt.

Då me som var engasjerte i Mødeplassen i Sentrumsgården vart oppsagde der, lurde me faktisk på om me berre kunna flytta over gata og inn i dei tome lokala i banken. Vår tanke var at det var betre med litt i bygget enn ingenting, og tenkte optimistisk på ei symbolsk husleige, som sjølvsgatt ikkje gjekk.

Skiltet «til sal» stod på huset ganske lenge etter dette, men nå er det over og ut, og nye eigarar er kome til.

Fredag 13. mai opna «Stasjon Pub» i Rådhusgata 15 med ordførar Jonas som snorklyppar, det er ei av dei mange oppgåvene ein ordførar har. Sjølv om ikkje Jonas går på pub til vanleg, tykte han det var viktig å støtta opp om nye aktivitetar i sentrum. Der har det vore alt for mange tome lokale dei siste åra.

Dagleg leiar for pøbben er Ingvar Engelsvoll, og han har med seg Olav Madland og Odd Dvergsdal som meddrivarar. Det er store tv skjermar i lokalet, så dei satsar på fotballkampar i tillegg til quiz. og musikk kveldar. Opningsdagen var det ganske fullt, og håpet er at Varhaugs folk vil finna vegen dit andre gonger og.

Varhaugbuen ynskjer Stasjonen Pub velkomne til sentrum, og at dette vil skapa litt liv og røre etter at Skrettingen har stengt for dagen.

Eg mimra litt saman med Reidar Skretting. Kanskje kan og pøbben verta ein møteplass på dagtid, der folk kan koma innom for kaffi og kanskje litt å bita i? Dette må sjølvsgatt vera ved hjelp av frivillige. Kunne ikkje dette vore noko? Me har jo ingen kafe på Varhaug lenger. Kan me kanskje få til ein ny «Møteplass» i sentrum?

Etter «10 års feiringa» i fjor har det vorte sett ned ei prosjektgruppe som mellom anna ser på utviklinga av sentrum. Kanskje kunne dette vera noko for dei og ta fatt i?

LIV



LITT OM BANKEN PÅ VARHAUG

Då eg tenkte på pøbben, som er kome i den gamle banken, kom eg til å tenka på at eg bur i det huset der den første banken var. Haa sparebank vart stifta på Hobberstad 1860. Etter 40 års verksemd, vart banken delt i to; Nærbø Sparebank og Haa Sparebank, som igjen vart til Varhaug Sparebank i 1926.

Det første forstandar skapsmøte etter delinga vart halde på Hobberstad 5. juni 1903, og oldefar til Hans, Rasmus, vart den første kasseraren i den nye banken, og han hadde den stillinga til han døydde i 1916.

LIV



Program for Varhaugmarken 3. og 4. juni

Her kommer litt info ang program og utstillere på Varhaugmarken i år. Som du ser så blir dette tidenes marken med tanke på utstillere mengde.

Det er helt enormt hvordan bedrifter og lag/organisasjoner her i bygda og til og med noen utenbys som stiller dette året.

Den største nyheten i år er Byggtorget som skal være rett utenfor Lars Gaute sport og nedover gata der.

Ellers er det veldig mye aktiviteter for barn og unge, med kaninhopping og Olabilløp i spissen.

Ungaløpet og Varhaugmilå går som normalt fredag og lørdag.

Er det noen bedrifter som føler de har blitt (oversett) men har lyst til å bidra med noe denne helga. Enten det er i form av pengebidrag eller stille på stand så er det bare å gi beskjed, det er ikke fullt enda og vi setter pris på hver og en som er med og hjelper til med dette arrangementet.

Det er mye som skal i orden og uten dere så hadde det aldri gått!!!

Lurer dere på noe som helst så er det bare å ta kontakt med en i komiteen.

Reidar Skretting, Frank Håland, Eirik Sandanger, Lars Gaute Bø

FREDAG

Påmelding til VM i Skolesjakk hele dagen

16.00 Start av Marken

17.00 Åpning av Marken

17.30 Ungaløp

18.30 Varhaugpulsen

19.00 Olabilløp v/BU

20.00 Slutt for i dag

LØRDAG

08.30 Frokost v/ Bygdekvinnelaget

09.00 Marken åpner

09.00 Jærbelgen

09.00 VM i Skolesjakk

09.30 Kulturskolen

10.00 Skolekorpset

11.00 Svanechalsens venner med Tempo kjører inn i Markenområdet

11.15 Mannekengoppvisning

12.30 Varhaugmila

13.30 Oppvisning

14.00 Trekning av premier frå Byggtorget

14.10 Auksjon

15.00 Takk for i år.

UTSTILLERE

Coop Extra, Varhaug, PARTYTELT
Spar, Varhaug PARTYTELT
Halvorsen Fargehandel T
Felleskjøpet, Varhaug T
Eik senteret, Varhaug T
Varhaug Servisecenter T
Jæren Gulv
Link Betong
SI Bygg
Hå Element
Byggmester Skrettingland & Lobekk
Byggmester Jon Harald Håland
Waldeland & Dubland
Erik Håland Maskin
Odland A/S
Jæren Liftutleie v/Brian Reiestad
Elektrofag Jæren
AB Rør
Herredsvela Transport
Rørlegger Team
Tryggheim vgs. Stand for yrkesfag
Mixer (Bøen) Markentilbud
Pizzabakeriet, Varhaug Markentilbud
Pål Skretting
R. Skretting AS
Lotus Blomster
Tine v/ Håkon Varhaug
Varhaug Fot & hudterapi/Fix it frisør T
Varhaug sykkelklubb T
Frivillighetsentralen T
Lars Gaute Sport

FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONER:

Speideren
Kirken T
Himmelturen m/buss
Kystlaget T
Sandnes & Jæren Kaninavlslag
- inne i gamle Coop
Bondelaget/BU stand med dyr T
Hå Skolesjakk arrangerer VM i utesjakk
Hå kommune har åpent rådhus
VIL stand
Bygdekvinnelaget vil ha stand for salg av lapper og kaffe og er med på frokost T
Svala 4 H T
Rogaland RC Lastebil T
Nærbø Røde Kors Hjelpekorps stiller på stand med ambulanse ☺
LHL Jæren og Dalane
v/ Reidun Bøe Høyland

UNDERHOLDNING/OPPVISNING

Lars Gaute Sport har mannekengoppvisning
Jærbelgen spiller til frokosten
Skolekorpset
Kulturskolen
Varhaugpulsen
Olabilløp
Ungaløpet fredag
Varhaugmilå lørdag
Auksjon
Korslaget





Med *Jæren Symfoniorkester* til Ungarn

4. – 8. mai fekk eg høve til å vera med orkesteret til Pecs, Ungarns 4. største by. Eg spelar jo ikkje noko instrument, men etter at eg var kommunen sin representant til styret for ca 20 år sidan, har eg hatt «ein fot» innanføre. Dette var min 4 utanlands tur med orkesteret, og andre gongen i Pecs. Grunnen til denne byen er at Istvan Nâden, som spelar i orkesteret, er herifrå. Istvan er gift med ei Stavangerdame, og har budd i Stavanger og elles andre stader i Norge i mange, mange år.

Lars Ole Bergersen, som kanskje dei fleste på Varhaug kjenner frå skulekorpset, spelar fast i orkesteret saman med kona Solfrid. Til Ungarn var og tvillingane Ole Elias og Hanna Tomine med som musikantar på cello og fiolin.

Både dei som spelte og ikkje minst oss, som berre var med, fekk ei flott langhelg saman Istvan og co, der mellom anna visninga i det flotte

konserthuset var heilt topp. Og ikkje minst vart kyrkje konserten på laurdag, der «våre folk» fekk spela saman med eit stort orkester, eit «minne» for livet. Istvan hadde nemleg ordna med ein fotograf, som heile tida var med oss og har laga ein CD frå opphaldet + konserten. Den glede eg meg til å få sjå. Istvan skulle ha den med seg når han kom til Stavanger til 17. mai.

Biletet viser familien Bergersen rett etter den vellukka konserten, og før me gjekk inn til kveldsmaten som vertane hadde laga til. Det var lagt opp til hagefest, men nokre svarte skyer gjorde at det var «kyrkjekaffi» i staden.

Det vart nokre sers vellukka dagar for alle som var med, og ikkje minst for musikanane. Gildt å få vera «ein del av» dette flotte fellesskapet.

Liv



Vennelaget for Lensmannsgarden presenterer:

23/6 *Jonsokfeiring i Lensmannsgarden*

18/8 *Konsert med Hans Williamsen og Avløyserne*

2/9 *Foredrag med Ingvard Wilhelmsen*

6/9 *«En klisjefylt aften» med Brigt Skrettingland, Bjarte Lending, Inger Lise Hope og Britt Synnøve Johansen*

20/10 *Historikar Lisabeth Risa: «Dei gamle lensmannsgardane i Hå»*

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook

NYTT FRÅ HÅ KARATEKLUBB:

**Seminar i Stavanger 6. og 7. februar og i
Haugesund 23. og 24 april, Strand 13 mars
og Stavanger 11 – 13 mars.**

Første helg i februar deltok 6 av klubbens medlemmer på treningsseminar med sensei Richard Amos i Stavanger. Veldig bra treningshelg.

Helga 23. og 24 april reiste 4 av klubbens medlemmer til Haugseund for delta på seminar med sensei Luca Valdesi – bra trening. Klubben har også deltatt på treningshelg hos Strand Karateklubb 13. mars med 2 medlemmer og samme helg deltok 1 medlem på seminar med Rich Hutton i Stavanger.
(bilder fra seminar)

Klubbseminar:

Lørdag 9. april hadde vi treningsseminar. 60 av klubbens medlemmer deltok på de to treningene som var satt opp for hver gruppe. Meget god trening i forkant av gradering.
(bilde fra klubb konkurransen)

17. mai tog:

Hå Karteklubb deltok i 17.mai toget både på Varhaug og Nærbø (se bilder)

Klubbmesterskap 21.5.16 Motland Skule:

Klubbmesterskapet blir i år på Motland skule.

Gradering vår 2016:

Varhaug Skule 6.6.16 start kl.18.00:

6 – 1 kyu

Varhaug Skule 8.6.16 start kl.18.00:


9 – 7 kyu

Møt opp senest 10 min. før og husk medlemspass.

Styret i Hå Karateklubb.



Seminar Haugesund (Luca valdesi)



Seminar Motland (Audrone sirokova)



HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

M ECA
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

M ECA
CAR SERVICE

ELGANE

Mykje på gang og sesongen er godt i gang for alle grener.

ATV har hatt Norgescup og trenings-samling. Kjekt at mange nye førere var på plass.

Det siste store arrangementet til klubben har vore første runde i Vest-landsmesterskapet som gjekk i pinsen. Elgane hadde fleire utøvere med. Alt gjekk knirkefritt og veret var på vår side. Einaste minuset med slikt flott ver er at banen må vannes, mye.... Men med gode folk frå klubben og godt utstyr fra vårt lokale Felleskjøp var ikkje det noko problem.



RESULTATER TOPP 3 I ALLE KLASSER, OG RESULTATER TIL ALLE ELGANE SINE KJØRERE:

MX rekrutt 11-12 år:

- 1.Endre Bøvig-Kristiansen,Vennesla.
- 2.Elias Auclair,Vennesla.
- 3.Jarle Falmår, Byberg.
- 7.Martine Hughes, Elgane.

MX 85 13-15 år:

- 1.Wilhelm Bø Høyvik,Bømlø.
- 2.Daniel Sagvaag,Stord.
- 3.Storm Pedersen, Os.
- 8.Trym Krag,Elgane.

MX junior 125 cc.:

- 1.Odin Alexander Larse,Stord.
- 2.Christoffer H.Salte, Byberg.
- 3.Sjur Svanes, Byberg.

MX Ungdom:

- 1.Ola Vatne,Byberg,
- 2.Mathea Selebø, Elgane.
- 3.Sjur Svanes, Byberg.

MX damer:

- 1.Mathea Selebø, Elgane.
- 2.Karoline Spikkeland, Finsland.
- 3.Silje Vagle, Elgane.
- 4.Marita Halvorsen,,Elgane.

MX åpen 16 år+:

- 1.Nauris Svadarauskas, Elgane.
2. Magne Klingsheim, Elgane.
- 3.Erlend Klingsheim, Elgane.
- 6.Anders Orstad, Elgane.
- 14.Jan Even Reinertsen, ELgane.
- 15.Sjur Krag, Elgane.
- 18.Kastytis Dirse, Elgane.

Bredde 1:

- 1.Magne Klingsheim, Elgane.
- 2.Erlend Klingsheim, ELgane.
- 3.Vegard Falmår, Byberg.
- 6.Anders Orstad, Elgane.
- 11.Nauris Svadarauskas, Elgane.
- 13.Jan Even Reinertsen, Elgane.

Bredde 2:

- 1.Sjur Krag, Elgane.
- 2.Rene Oberkersch,Vennesla.
- 3.Jan Lindland, Lyngdal.
- 8.Andrius Pasukinskas, Elgane.

Bredde 3:

- 1.Magnus Nordmark, Byberg.
- 2.Tom Rasmussen , Byberg.
- 3.Martin Vagle, Elgane.
- 4.Per Klingsheim, Elgane.
- 6.Rolf Rovik, Elgane.



SPEEDWAY

God aktivitet på treningene, og nokon av førarane våre har travle tider i Danmark. 4. juni skal Glenn Moi, Espen Sundvor Og Lasse Fredriksen kjøre for Norge i semifinale U21 lag, dette er og i Danmark, Holsted.

Ellers vil eg oppfordra Varhaugsbuen å ta søndagsturen til Elgane. Åpent for trening frå 1200 – 1600. Følg og med på vår heimeside elganemk.no.

Elgane har og vore på facebook ei heil stund, der finner du nyheter og bilder.

Har du ein draum om å kjøra speedway, motocross eller ATV? Det er aldri for seint å starte opp. Me har førere som er godt vaksne (...på min alder...) og som er knapt fem år. Trening og nivå for alle!

Elin Hopperstad



GLENN MOI EIN SPEEDWAY KØYRAR I VERDENSKLASSE

Glenn Moi køyrde nyleg Grand prix kvalifisering i Slangerup i Danmark. Der fekk han 3 poeng. Dette var andre løpet til Glenn der han køyrde mot «gamle » og rutinerte køyrrar. Glenn køyrde forbi Chriss Harris, som er ein GP køyrrar, men uheldigvis fekk Glenn motortrøbbel. Glenn skal 4. juni køyra U-21 lag-EM i Holsted i Danmark saman med Espen Sundvor, og frå Elgane. Lasse Fredriksen frå Varhaug (tidl. Elgane) skal og køyra der.

Desse 3 skal og første helga i juli køyra nordisk meisterskap U-21 i Finland og helga etter i Daugavpils i Latvia U-21 lag VM kvalifisering. Alt dette er i tillegg til både norsk og dansk 1. div. køyring kvar helg.

Varhaugsbuen seier berre tvi, tvi til alt dette. Det er nok mykje her ein stakkar redaktør av bla-det ikkje har greie på, men ein ting er sikkert; DETTE ER STORT!



ARRANGEMENTA I LENSMANNSLØÅ

Vennelaget har vore veldig flinke til å få til mange gilde ting i Løå, mest noko med musikk, men og noko å le av. Eg vil her spesielt nemna konserten på låven med koret Korall og songane til Mahalia Jackson. Og ikkje minst gildt var det å få «oppleve» livet til Mahalia mellom songane.

Så har det vore mange lunsj treff med godt frammøte og god mat. Der er det berre eit igjen nå onsdag 8. juni, men eg reknar med at dei kjem tilbake etter ferien.

Eg prøvar og få med det meste av det som skjer på Løå. Her har me endeleg fått eit «Kulturhus»i bygda, og då må me nytta oss av det.

Det siste eg var på Kulturkvelden 17. mai, som vart arrangert for 2. gong, og etter mi meining ein gild kveld. Men eg veit ikkje om komiteen måtte til med munn t munn metoden dei siste dagane, for eg høyrde det var veldig få som hadde kjøpt billetter like før helga. Og då er det ikkje enkelt å laga til mat. Det var plass til mange fleire i «Storstova» vår denne kvelden, så eg håper det vert heilt fullt til neste år. Kulturkvelden 17. mai er komen for å vera.

LIV



SØPPEL OG GRAPS

Slik ser varene ut når dei vert kjøpt i butikken. Kva er det som skjer med mykje av dette når godsakene er fortært? Jau, er du i bilen så er det mange som slenge emballasjen ut av vindaugo. Som de kanskje veit, så løyse korkje plast eller metall seg opp i naturen. Difor fekk eg alle desse søppelsekkene, der størsteparten av grapset var frå snus, cola osv.

LIV



Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
22. august

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Ord i utval

av Arne Garborg

Eit barn trur, at det når himmelen frå næraste leite. Den gamle veit at han må gjennom grava først.

Kvifor er folk så uglade? Dei gjeng og ventar si gleda. Dei skulle gleda andre, så vert dei og glade.

Underleg er det å høyra på dei som finn livet meningslaust. For det er alltid meining i å hjelpa der hjelp trengst.

Ein lærer så lenge ein lever; og kvar lærdom hev ny sorg. Kvar sorg ny kraft. Men ingen er utlærd, før han hev lært å teia.

BU PÅ VASS SKI

Saman med Time BU skal Varhaug BU ha eit arrangement på Moi 11. juni kl. 18.00. Dei skal både ha vass ski og badering med. Ta med vådrakta viss du har, elles reknar me med at det er høve til å låna desse . Du treng ikkje vera medlem i BU for å vera med. Alle er velkomne, men det kostar kr. 50. Du må og ta med grillmat og ikkje minst badeklede for me skal bada og, og kosa oss skikkeleg. Reknar sjølvsagt me at veret vert fint, me er tross alt i juni.

Du finn meir info om dette på facebook.

Håper mange vil vera med oss på dette.

Helsing Marit Møland, Varhaug BU



RYDDEGJENGEN

Denne gjengen på Varhaug gjer ein skikkeleg god jobb med rydding i sentrum ein gong i månaden. Men det er mykje graps utanom sentrum og. Eg henta opp 3 søppelsekker langs riksvegen berre rundt oss. Dette er graps som folk berre slenger ut av bilvindauget når dei fer forbi. Alt dette grapset såg eg på kvar gong eg gjekk ut på tur, og ein dag var det nok. MEN at eg skulle finna 3 fulle sekker på denne korte strekninga hadde eg aldri kome på.

Med same en nemner graps; både ryddegjengen og eg er veldig glade for at folk plukkar opp hundalorten, men er ikkje

like glade for at de berre slenger posen me innhald frå dykk langs vegen. Posen er av plast, og den forgår jo ikkje. Då er det betre at de berre får lorten ut i veiveida utan pose.



En alliansebank i **eika**.

procenta



Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme.
Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag. Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ◊ Jærhagen ◊ Kleppe ◊ Kverneland
Undheim ◊ Varhaug ◊ Vigrestad



Andvegen 23, Varhaug - Moderne enebolig på ett plan



2.700.000,-

BRA 71 m² - 2 soverom, mulighet for 3 - Nøkkelferdig



Kontakt: Jarle Reime, tlf. 979 46 255 - Epost: jarle.reime@norgeshus.no